

## HOVUDRUNDSKRIV – NYNORSK

INNLEIING .....	3
1. LOVFØRESEGNAR.....	3
Heimel for innkrevjing .....	3
Arbeidsgivarpremien .....	4
Manglande innbetaling .....	4
2. SKIP SOM ER OMFATTA AV ORDNINGA .....	4
Norske skip og flyttbare innretningar på minst 100 bruttotonn.....	4
Norske skip under 100 bruttotonn.....	4
Hurtigbåtar under 100 bruttotonn.....	5
Redningsfartøy .....	5
Skip registrert utanfor EU/EØS.....	5
3. SKIP SOM IKKJE ER OMFATTA AV ORDNINGA .....	5
Skip med type 9c – fritidsfartøy .....	5
Nybygg.....	6
Høve til å la skipet bli omfatta av ordninga.....	6
4. ARBEIDSTAKARAR SOM ER PLIKTIG OMFATTA AV ORDNINGA .....	6
Trygd i flaggstaten .....	6
Tredjelands statsborgarar (dvs. ikkje EU-/EØS-borgarar eller sveitsiske statsborgarar) busett i eit anna nordisk land .....	7
Arbeidstakar på fiske- og fangstfartøy .....	7
Arbeidstakarar på borefartøy.....	8
Reiar/partreiar på borefartøy.....	8
Medlemmer som tar imot pensjon .....	8
Tidsrom da arbeidstakaren er omfatta av ordninga .....	8
5. ARBEIDSTAKARAR SOM ER UNNTATT FRÅ ORDNINGA .....	9
Medlem av anna offentleg pensjonsordninga .....	9
Personar som er tilsett i hotell- og restaurantverksnemnd på NIS-registrerte turistskip.....	9
Andre unntak.....	9
Unntak etter EØS-reglane om trygd.....	10
Bilaterale avtalar innanfor EU/EØS .....	10
6. ARBEIDSTAKARAR PÅ UTENLANDSKE SKIP KAN BLI FRIVLIGGE MEDLEMMER AV ORDNINGA.....	11

7. UTREKNING AV ARBEIDSTAKARPREMIE .....	11
Fartstidsbasert ordning .....	11
Grupper .....	11
Premiesatsar .....	12
Utrekning av premie .....	12
Vikarar/deltidstilsette.....	13
Endring av gruppeføring.....	13
Medlemmer som tar imot pensjon frå MPK .....	13
Inntektsbasert ordning .....	13
Viktighetene av å innrapportere månader for inntektsbaserte medlem.....	14
8. UTREKNING AV ARBEIDSGIVARPREMIE.....	14
Fartstidsbasert ordning .....	15
Beløp som det skal reknast arbeidsgivarpremie av.....	15
Særreglar for fiske og fangst .....	15
Minste arbeidsgivarpremie for reiar, partreiar og restauratør.....	15
Tilsette i opplæringsstilling.....	15
Inntektsbasert ordning .....	15
9. PREMIE FOR MEDLEMMER SOM TEK IMOT SJUKEPENGAR .....	16
Generelt for både fartstidsbasert og inntektsbasert ordning .....	16
Når arbeidsgivar forskotterer sjukepengar .....	16
Når arbeidsgivar ikkje forskotterer sjukepengar.....	16
Fartstidsbasert ordning .....	16
Inntektsbasert ordning .....	17
Kva skjer med arbeidstakaren som mottok sjukepengar frå NAV?.....	17
10. INNSEENDING AV PREMIEOPPGÅVE OG OPPGJER FRÅ REIARLAGA .....	17
Plikta til å sende oppgåver .....	17
Terminar og forfallsfristar .....	18

## INNLEIING

Maritim pensjonskasse (MPK) er ei obligatorisk tenestepensjonsordning som blei etablert ved lov 3. desember 1948. Lova har vore endra ei rekke gonger, i stor grad for å tilpasse henne til endringar i pensjonssystemet i folketrygda.

Tidlagere heit ordninga Pensjonstrygda for sjømenn, men frå 1. januar 2023 endra ordninga namn til Maritim pensjonskasse.

Frå 1. januar 2020 er ordninga todelt mellom ei fartstidsbasert og ei inntektsbasert ordning. Dei medlemmene som er fødd før 1970, høyrer til den fartstidsbaserte ordninga. For desse blir det ingen endringar verken i opptening eller i utbetaling av pensjon.

Nye medlemmer uansett alder og eksisterande medlemmer som er fødd i 1970 eller seinare, vil få opptening i inntektsbasert ordning. I denne ordninga opparbeider medlemmene seg ei pensjonsbeholdning basert på bruttoinntekta si. Verdien av fartstid som er opptent før 1. januar 2020, blir overført til pensjonsbeholdninga når medlemmen fyller 62 år, men blir utbetalt etter reglane i inntektsbasert ordning.

Dette hovudrundskrivet handlar om føresegnene om plikt til å betale pensjonspremie – dvs. arbeidstakarpremie/arbeidsgivarpremie. Kapittel 1 greier ut om det rettslege grunnlaget for å krevje inn premie, og kven som har ansvaret for å betale inn pensjonspremien til PTS. Kapitla 2–6 handlar om kva skip og arbeidstakarar som blir omfatta av ordninga. Desse kapitla tar for seg reglar som er like for begge ordningane. I kapitla 7–9 finn du kva for ulike reglar om innbetaling av premie som gjeld for dei to ordningane. I kapittel 10 får du vite kva for rutinar som gjeld for innsending av premieoppgåver og innbetaling.

## 1. LOVFØRESEGNER

### Heimel for innkrevjing

Lov om pensjonsordning for arbeidstakarar til sjøs §§ 9-12

Maritim pensjonskasse har ansvaret for å krevje inn arbeidstakar- og arbeidsgivarpremie etter reglane i kapittel V i lov om pensjonsordning for arbeidstakarar til sjøs.

Premieoppgåver og innbetaling blir sendt til MPK etter retningslinjene frå dette rundskrivet. Ved manglande premieoppgåve frå reiarlaga kan premien bli fastsett skjønsmessig.

Etter § 10 i lova er det reiarlaget som har det endelege ansvaret for å betale inn arbeidstakarpremie for medlemmer om bord.

Dersom medlemmen har ein annan arbeidsgivar enn reiarlaget, er det den arbeidsgivaren som betaler løn, som skal rapportere inn til MPK. Arbeidsgivar/reiarlaget har rett til å trekke arbeidstakarpremien i lønsutbetalinga/hyreoppgjeret. Dersom reiarlaget/arbeidsgivaren ikkje gjer dette, kan ikkje premie bli

Sist endra: 12.12.2024

kravd av medlemmen når det er gått 3 månader frå hyreoppgjeret. Dette gjeld også for reiarlag/arbeidsgivar som betaler ut /forskotterer sjukepengar.

Dersom arbeidstakar- og arbeidsgivarpremie ikkje er betalt ved forfall, skal reiarlaget etter § 12 første ledd svare forseinkingsrenter. Rentesatsen er 3 prosenteningar høgare enn den alminnelege forseinkingsrenta som er fastsett med heimel i lov om renter ved forseinka betaling mm. av 17.12.76 nr. 100 § 3 første ledd.

### Arbeidsgivarpremien

Det følger av §§ 11 og 41 i lova at reiarlaget (arbeidsgivaren) skal betale arbeidsgivarpremie på 3,3 % av medlemmens bruttoinntekt om bord. Dette gjeld for tilsette på både fartstidsbasert og inntektsbasert ordning.

For medlemmer som arbeider på fartøy som driv fiske og fangst, og som er omfatta av fartstidsordninga, skal premien vere eit beløp som utgjer 150 % av premien til medlemmen etter § 9. Dette gjeld for medlemmer som er fødd før 1970, og som har arbeidd til sjøs før 1.1.2020.

### Manglande innbetaling

Når premie ikkje er betalt ved forfall, bruker MPK dei midla som gjeld for innfordring av pengekrav etter norsk rett. § 12 andre ledd i lova gir tvangsgrunnlag for utlegg hos reiarlaget.

Frå 1.1.2002 blei det også innført gebyr ved for sein innbetaling av pensjonspremie, jf. § 8-1 og 8-2 i forskriftene. Etter lov om pensjonsordning for arbeidstakar til sjøs § 21 nr. 2 har MPK rett til når som helst å gjennomgå mannskapslistene eller hyreregnskapa til eit reiarlag for å kontrollere oppgjeret med trygda. I § 25 finst det særskilde straffereglar om lovbrøt. Vi viser elles til kapittel 8 i forskriftene, «Forskjellige reglar».

## 2. SKIP SOM ER OMFATTA AV ORDNINGA

### Norske skip og flyttbare innretningar på minst 100 bruttotonn

Alle skip, fiske- og fangstfartøy, borefartøy og anna flyttbar innretning i sjøen som har eige framdriftsmiddel eller utstyr for boring etter undersjøiske naturførekomstar, og som er innført i norsk skipsregister (NIS og NOR) med 100 bruttotonn eller meir, er omfatta av ordninga.

### Norske skip under 100 bruttotonn

Skip under 100 bruttotonn som er innført i norsk skipsregister, er omfatta av ordninga dersom reiarlaget samtidig disponerer norske skip på minst 100 bruttotonn, og dersom dei tilsette om bord er fast tilsette i reiarlaget etter føresegnene i skipsarbeidsloven kapittel 3 med rett og plikt til å gjere teneste på alle skipa til reiarlaget. Dette gjeld ikkje for fiske- og fangstfartøy som ikkje går inn under skipsarbeidsloven.

Sist endra: 12.12.2024

Dersom arbeidsgivar ikkje lenger disponerer skip over 100 bruttotonn, kan ein søke styret i MPK om at dei tilsette på skipa under 100 bruttotonn framleis kan få vere omfatta her.

### Hurtigbåtar under 100 bruttotonn

Reiarlag som berre disponerer skip under 100 bruttotonn, kan på visse vilkår søke om å vere med i Maritim pensjonskasse. I samsvar med § 2 nr. 1 i lova har styret fullmakt til å bestemme at skip under 100 bruttotonn etter søknad for det einskilde skipet kan vere med i ordninga. Dersom skipet er med i MPK, blir dei som arbeider om bord, pliktige medlemmer hos oss, og kan ikkje velje å stå utanfor.

Følgande vilkår må vere oppfylt for at hurtigbåtar under 100 bruttotonn kan bli med i Maritim pensjonskasse:

1. Fartøyet må vere registrert i norsk skipsregister og drive heilårleg næringsverksemd i samband med ambulansetransport, legeskysst eller gå i eit fast rutesamband.
2. Fartøyet må ha ordinært passasjersertifikat for 12 eller fleire passasjerar.
3. Fartøyet må sysselsette ein eller fleire i heilårs verksemd, og verksemda må krevje eitt eller fleire årsverk.

Søknad om å vere med i pensjonstrygda rettast til Maritim pensjonskasse.

### Redningsfartøy

Alle redningsfartøy som høyrer Redningsselskapet til, er omfatta av ordninga uansett tonnasje.

### Skip registrert utanfor EU/EØS.

Utanlandske skip er berre omfatta av ordninga dersom det er arbeidstakarar om bord som er medlemmer i folketrygda som busette i Noreg.

## 3. SKIP SOM IKKJE ER OMFATTA AV ORDNINGA

- skip i innsjøfart og skip som høyrer statsetatane til
- skip som vesentleg går i fart på norske innsjøar og elver
- skip der mannskapet tilhøyrar ei anna offentleg pensjonsordning, jf. § 1 nr. 2 første ledd

### Skip med type 9c – fritidsfartøy

Desse fartøya har ingen sertifikat og kan berre bli brukt som fritidsfartøy, og ikkje i kommersiell drift. Dersom godkjende sertifikat blir registrert på fartøya, blir skipstypen endra i Sjøfartsdirektoratet, og dei blir omfatta av ordninga på lik linje med andre skip. Skip med type 9 c har ikkje lov til å ta betalande passasjerar før typen er endra og sertifikat skrive ut.

## Nybygg

Teneste på nybygg er ikkje pliktig med i trygda, men arbeidsgivar kan velje at nybygget skal vere med i ordninga. Vilkår er at arbeidstakarar på nybygg må følge skipet ut når det blir sett i fart.

## Høve til å la skipet bli omfatta av ordninga

Det følger likevel av lov om pensjonsordning for arbeidstakar til sjøs § 2 at styret i særlege tilfelle kan bestemme at flyttbare innretningar som ikkje går inn under ordninga etter § 1, likevel skal bli omfatta.

## 4. ARBEIDSTAKARAR SOM ER PLIKTIG OMFATTA AV ORDNINGA

Pensjonsordninga omfattar som hovudregel følgande persongrupper som arbeider om bord på skip på minst 100 bruttotonn som er registrert i NOR/NIS:

- Norske statsborgarar uansett bustad
- Personar med fast bustad i Noreg meldt til folkeregisteret
- EU-/EØS-borgarar uansett bustad (tidlegast frå 1.1.1994)
- Statslause og flyktningar busett innanfor EU/EØS (tidlegast frå 1.1.1994)
- Tredjelands statsborgarar busett i eit anna nordisk land (tidlegast frå 1.9.2004)

Ordningsordninga omfattar også personar som arbeider på utanlandsk registrerte skip, dersom dei bur i Noreg og har norsk arbeidsgivar.

Medlemskapet gjeld i prinsippet alle arbeidstakarar utan omsyn til arbeidstakaren si stilling om bord og kven som er arbeidsgivar.

Det er ikkje noko krav om at arbeidstakaren må vere fast tilsett om bord, for å bli omfatta av Maritim pensjonskasse. Vikarar eller andre personar med kortvarige oppdrag om bord er som hovudregel omfatta av pensjonsordninga så lenge dei arbeider om bord, og skal betale premie på same måte som fast tilsette.

Lærlingar er også omfatta av ordninga på same måte som andre tilsette.

## Trygd i flaggstaten

Statsborgarar frå land innan EU-/EØS-området og Sveits, som er arbeidstakarar om bord på norskregistrerte skip (NOR eller NIS), skal som hovudregel vere medlemmer i pensjonsordninga på lik linje med norske statsborgarar. Dette følger av rådsforordning 883/2004 art. 11 nr.4.

For tida er statsborgarar frå i alt 29 land omfatta av Maritim pensjonskasse etter hovudføresegnene i EØS-avtalen (særavtale med Sveits), sjå opprekninga i tabell 1 (landkoder til bruk ved innsending av premieoppgåver er sett i parentes).

Personar som er fødde på Grønland, Færøyene og Åland, skal betale premie til ordninga på same måte som borgarar i andre EU-/EØS-land.

Belgia (BE)	Bulgaria (BG)	Danmark (DK)	Estland (EE)	Finland (F)
Frankrike (FR)	Hellas (GR)	Irland (E)	Island (IS)	Italia (IT)
Kypros (CY)	Latvia (LV)	Liechtenstein (LI)	Litauen (LT)	Luxembourg (LU)
Malta (MT)	Nederland (NL)	Norge (NO)	Polen (PL)	Portugal (PT)
Romania (RO)	Slovakia (SK)	Slovenia (SI)	Spania (ES)	Nord-Irland (GB)
Sverige (SE)	Sveits (CH)	Tsjekkia (CZ)	Tyskland (DE)	Østerrike (AT)
Ungarn (HU)	Kroatia			

Tabell 1: Medlemsland

Frå 1. januar 2020 gjekk Storbritannia ut av EU (Brexit). Det følger av separasjonsavtalen mellom EØS-landa og Storbritannia, at britar vil fortsette medlemskapet i norsk folketrygd dersom dei per årsskiftet 2020/2021 var i ein grenseoverskridande situasjon. Dette inneber at ein brite boset i Storbritannia og arbeider på norsk skip, skal være medlem av MPK også etter årsskiftet 2020/2021. For å oppretthalde medlemskapet, er det et krav at dei må være i ein grenseoverskridande situasjon «uten avbrudd», jf. artikkel 29 nr. 2.

For britar som blir tilsett på norske skip etter årsskiftet 2020/2021, er det den bilaterale trygdeavtalen mellom Noreg og Storbritannia som skal brukast. Etter avtalens artikkel 7 er britiske sjøfolk tilsett på norske skip medlem av MPK dersom dei også bur i Noreg.

Uavhengig av kva avtaleverk arbeidstakaren fell inn under, mistar dei ikkje allereie opptente rettigheter i ordninga.

Med verknad frå 1. januar 2024 gjeld ein ny konvensjon om trygdekoordinering mellom Storbritannia, Island, Liechtenstein og Noreg. Denne følger langt på veg EUs trygdeforordning om lovval, og derfor også medlemskap i MPK. Britiske statsborgar skal da som hovudregel være medlem i MPK dersom dei arbeider på et norsk skip.

### [Tredjelds statsborgarar \(dvs. ikkje EU-/EØS-borgarar eller sveitsiske statsborgarar\) busett i eit anna nordisk land](#)

Frå 1.9.2004 omfattar ordninga alle som bur i Norden, uansett statsborgarskap, når dei tenestegjer på norske skip (NOR eller NIS). Eksempelvis vil ein filippinar busett i Sverige eller en russar busett i Finland vere omfatta av ordninga. Reiarlaget skal altså på ordinær måte utføre trekk, sende inn premieoppgåver og betale inn arbeidstakar- og arbeidsgivarpremie også for tredjelds statsborgarar busett i Danmark, Finland, Island og Sverige.

### [Arbeidstakar på fiske- og fangstfartøy](#)

På fartøy som driv fiske og fangst, omfattar ordninga arbeidstakarar som er tilsett i stilling om bord som skipsførar, styrmann, bestmann, maskinist, maskinassistent, fyrbøtar (motormann), lempar, smørar, maskingut, stuert, kokk eller hjelpegut.

Sist endra: 12.12.2024

Dette gjeld uansett om dei blir lønt med hyre, part eller lott, og uansett om dei samtidig utfører arbeid som fiskarar. Arbeidstakarar som berre jobbar som fiskarar, er ikkje omfatta her.

For ein arbeidstakar som i hovudsak jobbar som fiskar, men i tillegg har ei mindre stilling som mannskap om bord, skal vedkommande berre bli omfatta av ordninga i perioden han/hun er knytt til stillinga som mannskap. Dette gjeld berre når det er spesifisert i arbeidsavtalen kva dagar og i kor stor stillingsprosent den tilsette er mannskap om bord, og del av lotten som er knytt til denne stillinga.

Så framt fartøyet blir sett i annan fart enn fiske og fangst etter å ha levert fangsten, omfattar ordninga alle som har arbeidet sitt om bord i det tidsrommet fartøyet går i slik fart, jf. lov om pensjonsordning for arbeidstakar til sjøs § 1 nr. 4 bokstav a.

### Arbeidstakarar på borefartøy

På borefartøy (boreskip og rørleg boreplattform for boring etter undersjøiske naturførekomstar) omfattar ordninga arbeidstakarar som er tilsett i stilling om bord av eigaren av borefartøyet, av den som disponerer borefartøyet, eller boreentreprenør, eller av underentreprenørane deira, som cateringselskap, bemanningsselskap eller anna.

Det er ikkje krav om at arbeidstakaren må være fast tilsett om bord, for at arbeidstakaren skal kunne bli omfatta av pensjonstrygda for sjømenn. Vikarar eller andre personar med kortvarige oppdrag om bord er som hovudregel omfatta av pensjonsordninga så lenge dei arbeider om bord, og skal betale premie på same måte som fast tilsette. Medlemskapet gjeld i prinsippet alle arbeidstakarar utan omsyn til stillinga arbeidstakaren har om bord.

### Reiar/partreiar på borefartøy

Reiar, partreiar og andre sjølvstendig næringsdrivande i full stilling om bord er også med i ordninga, så lenge dei har ei stilling som også elles ville vore omfatta. Dette gjeld også restauratør om bord som driv verksemd for eiga rekning, jf. lov om pensjonsordning for arbeidstakar til sjøs § 1 nr. 4 bokstav c.

### Medlemmer som tar imot pensjon

Medlemmer som tar imot pensjon frå MPK og er i teneste, skal også betale inn premie.

### Tidsrom da arbeidstakaren er omfatta av ordninga

Arbeidstakaren er omfatta av ordninga så lenge tilsetjingsforholdet om bord varer ved, og i periodar før eller etter dette mens vedkommande tar imot løn hyre, feriegodtgjersle og fritidskompensasjon etter avtale eller lov, i inntil 12 månader om gongen.

Dette gjeld også under reise til fartøyet og den tida tenesteforholdet varer ved mens fartøyet ligg i opplag, byggetilsyn (frivillig), ved verkstad eller for utrusting.

Ein medlem av Maritim pensjonskasse som arbeider mellombels på reiarlagskontor med prosjektarbeid mv., men som seinare igjen skal arbeide om bord, opprettheld medlemskapet sitt ved fortsett

Sist endra: 12.12.2024

innbetaling av premie på vanleg måte innanfor eit tidsrom på 12 månader. Det følger av § 1-5 i forskrifta til føresegna i § 1 nr 2 d) i lov om pensjonsordning for arbeidstakar til sjøs.

Maritim pensjonskasse kan i det einkilde tilfellet etter søknad frå reiarlaget bestemme at medlemskapet skal haldast med lag ved prosjektarbeid mv. som strekker seg utover 12 månader, jf. § 1-5 i forskrifta. Det er eit krav at premien blir betalt på vanleg måte. Søknaden skal rettast til Maritim pensjonskasse.

Medlemskap i pensjonsordninga kan òg bli vidareført dersom medlemmen har kortvarig teneste på skip som ikkje er omfatta av ordninga, eller på reiarlagskontor. Føresetnaden er at medlemmen innan kort tid skal vende tilbake i ordinær pensjongivande teneste, og at det blir betalt reiarlags- og arbeidstakarpremie.

Valde heiltidstillitsvalde kan behalde medlemskapet i MPK utover 12- månadersperioden som er nemnd i § 1 nr. 3 a i lova, så lenge dei blir lønt av reiarlaget og premie blir betalt på vanleg måte, jf. § 1-4 i forskrifta.

## 5. ARBEIDSTAKARAR SOM ER UNNTATT FRÅ ORDNINGA

### Medlem av anna offentleg pensjonsordninga

Arbeidstakarar på statlege fartøy som er medlemmer i Statens pensjonskasse, er unntatt frå Maritim pensjonskasse, jf. lov om pensjonsordning for arbeidstakar til sjøs § 2 nr. 2. Med heimel i denne føresegna er det bestemt i § 1-2 i forskriftene at arbeidstakarar som på grunn av stillinga om bord er medlemmer av kommunal eller fylkeskommunal pensjonskasse, også er unntatt frå Maritim pensjonskasse.

### Personar som er tilsett i hotell- og restaurantverksnemnd på NIS-registrerte turistskip

Unntatt frå ordninga er alle personar som er tilsett i hotell- og restaurantverksemd på turistskip som er registrert i Norsk Internasjonalt Skipsregister (NIS). Dette gjeld sjølv om arbeidstakaren er busett i Noreg.

Det er heller ikkje mogleg å bli frivillig medlem i MPK i slike tilfelle.

### Andre unntak

I særlege tilfelle kan styret utelukka frå pensjonsordninga arbeidstakarar på skip under 200 bruttotonn og på skip som blir nytta i ferje- eller hamnetrafikk eller til anna formål enn transport, fiske og fangst.

Det følger av § 1-3 i forskriftene til § 2 nr. 2 tredje ledd i lova at følgande arbeidstakarar som ikkje høyrer til mannskapet, er unntatt frå ordninga: musikarar, legar, flygarar og flymekanikarar på skip, og personar som utfører reparasjonsarbeid, vedlikehaldsarbeid mv. om bord i skip i fart, og som er tilsett og lønt av handverksfirma, skipsverft o.l.

## Unntak etter EØS-reglane om trygd

1. Arbeidstakarar som blir sendt ut av den arbeidsgivaren han/ho vanlegvis arbeider for, for å arbeide på norske skip i inntil 24 månader, jf. art. 11 nr. 4 og art. 12 nr. 1 i EØS-forordning 883/04.
2. Sjølvstendig næringsdrivande som vanlegvis driv verksemda i eit anna EU-/EØS-land, og som for eiga rekning utfører eit arbeid om bord på norske skip, jf. art.11 nr. 4, jf. art. 12.
3. Personar som vanlegvis ikkje utfører arbeid til sjøs, og som i eit anna EØS-lands territorialfarvatn eller hamn utfører eit arbeid om bord i norsk skip utan å tilhøyre mannskapet, jf. art. 11 nr. 4, jf. artikkel 11 nr. 3 (a)
4. Arbeidstakarar på norske skip / flyttbare innretningar som blir lønt av ein arbeidsgivar i eit anna EØS-land der også arbeidstakaren er busett, jf. art 11 nr. 4 i EØS-forordninga.

Føresegna i artikkel 11 nr. 4 betyr at norske statsborgarar som arbeider på norskregistrert skip, ikkje er medlemmer av Maritim pensjonskasse dersom dei er busett i eit anna EØS-land enn Noreg og er lønt av ein arbeidsgivar som driv verksemda si i det landet dei bur i.

## Bilaterale avtalar innanfor EU/EØS

### Unntak etter artikkel 16. nr. 1

Etter artikkel 16 i EØS-forordninga har to eller fleire EU-/EØS-land lov til å avtale unntak for den einkilde arbeidstakaren til sjøs frå føresegnene om kva land si pensjons- og trygdelovgivning som skal gjelde. Det er inngått slike avtalar om trygd i heimlandet og unntak frå norsk trygd, mellom anna Maritim pensjonskasse, for sjømenn busett Latvia. Tidlegare vart det også slike avtalar med Polen og Romania. Unntak gjeld berre tilsette på NIS-skip.

- **Polske sjøfolk busett i Polen**

Med verknad frå 1.5.2004 blei det inngått avtale mellom Polen og Noreg for polske sjøfolk på NIS-skip, busett i Polen. Avtalen har ikkje blitt fornya etter at han løp ut 30. september 2022. Frå 1. oktober 2022 skal derfor polske sjøfolk busett i Polen, og som arbeider på NIS-skip, være medlem av Maritim pensjonskasse med mindre det er søkt om unntak frå medlemskap i norsk folketrygd.

- **Latviske sjøfolk busett i Latvia**

Tilsvarande blei det inngått avtale mellom Latvia og Noreg med verknad frå 1.5.2004 for latviske sjøfolk på NIS-skip, busett i Latvia. Avtalen er gått til opphøyr frå 1. januar 2025. Dette inneber at latviske sjøfolk på NIS-skip frå same dato være medlem av norsk folketrygd, om dei ikkje har søkt om unntak frå dette.

- **Rumenske sjøfolk busett i Romania**

Med verknad frå 7.11.2007 blei det inngått ein tilsvarande avtale mellom Romania og Noreg med verknad frå 1.8.2007 for rumenske sjøfolk på NIS-skip, busett i Romania. Avtalen blei ikkje fornya etter at den stansa 9. november 2016. Etter sluttdatoen er derfor rumenske sjøfolk på NIS-skip, som er busett i Romania, pliktige medlemmer av Maritim pensjonskasse, viss det ikkje er søkt om fritak frå norsk folketrygd.

Sist endra: 12.12.2024

Avtalane inneber at det er NAV Kontroll som skal ta imot stadfesting av unntak frå desse landa, og som har ansvaret for å orientere Maritim pensjonskasse om unntaka.

Avtalane om unntak omfattar ikkje polske, latviske og rumenske sjømenn på NOR-skip.

- **Nordiske fiskarar / færøyske sjøfolk**

Avtale om unntak etter artikkel 16 kan gjerast også for tredjelands borgarar når dei arbeider på fartøy som er registrert i eit anna nordisk land enn bustadslandet sitt, inkludert statsborgarar frå Færøyane, Grønland eller Åland, jf. den nordiske konvensjon artikkel 7 og 8.

Det er NAV som er gitt makt til å dispensere arbeidstakarar frå norsk trygd, medrekna Maritim pensjonskasse. Det har vore langvarig praksis i NAV å innvilge unntak frå norsk trygd til færøyske sjøfolk som arbeider på norske skip dersom dei ber om dette.

## 6. ARBEIDSTAKARAR PÅ UTENLANDSKE SKIP KAN BLI FRIVILLIGE MEDLEMMER AV ORDNINGA

Arbeidstakar i teneste på utanlandsk skip som er registrert utanfor EU-/EØS-området, og som ikkje er pliktige medlemmer i ordninga, kan søke om frivillig medlemskap. For å få frivillig medlemskap i MPK er det eit krav at arbeidstakaren er medlem i folketrygda.

Frivillig medlemskap kan bli gitt til:

- Arbeidstakarar på skip som er registrert utanfor EØS, når arbeidstakaren er frivillig medlem i folketrygda etter folketrygdlova § 2-8

eller

- Arbeidstakarar (alle nasjonalitetar) på norsk sokkel dersom dei er pliktige medlemmer i folketrygda etter folketrygdlova § 2-2. Søknad om frivillig medlemskap i folketrygda under opphald utanfor Noreg blir avgjort av NAV.

## 7. UTREKNING AV ARBEIDSTAKARPREMIE

Fartstidsbasert ordning

Grupper

**GRUPPE 1** (overordna) omfattar følgande stillingar:

- a) Skipsfører, styrmann, maskinist, radiooffiser, rutelos, skipselektrikar, purser, forpleiingssjef/stuert, kokk med administrativt ansvar, sjefsmaterialforvaltar (sjefstorekeeper), restauratør og bestmann

Sist endra: 12.12.2024

- b) Stillingar på passasjerskip: overkokk, sjefskokk, 1. kokk, proviantmeister, purserassistent (regnskapsførarassistent), hotellsjef (hotell manager), purser/controller (chief purser / controller), cruisesjef (cruise manager), kjøkkensjef (chef de cuisine), restaurantsjef (restaurant manager), butikksjef (shop manager), husøkonom (housekeeper), food & beverage manager, souschef, resepsjonssjef og hovmeister
- c) Trålbass på forskningsfartøy
- d) Stillingar på borefartøy: Plattformsjef, boresjef, teknisk sjef, stabilitetssjef, borar, undervassutstyrsingeniør, teknisk assistent, boreassistent, kontrollromoperatør (kontrollromvakt I), stabilitetsoperatør, riggmekanikar, elektrikar, tårnmann, kontrollromassistent, radiotelegrafist, sveisar m/sertifikat, forpleiingssjef, maskinromoperatør, sikkerheitsleiar, sjukepleiar, hydraulikkingeniør, dekksoffiser og DP-operatør
- e) Toktleiar og seismisk personell
- f) Radiosondeoperatør på verskip
- g) ROV-personell (personell knytt til operasjon av fjernstyrte undervassfarkostar)
- h) Dykkarpersonell i stilling som dykkarleiar, assisterande dykkarleiar, leiande dykkar, dykkar, luftdykkar, gassmann, kammeroperatør I og II, seniorteiknikar, teiknikar I og II og seniorteiknar Andre stillingar som har minst same tarifferte hyre som elektrikar eller radiooperatør, skal omfattast av gruppe 1. I tvilstilfelle skal reiarlaget avgjere kvar stillinga skal plasserast. Vi gjer merksam på at ytinga frå pensjonstrygda blir betalt ut i samsvar med kva stillingsgruppe premien er betalt inn i.

**GRUPPE 2** (underordna) omfattar:

Alle stillingskategoriar som ikkje går inn under gruppe 1.

#### Premiesatsar

Endringar i premiesatsar (ordinært når grunnbeløpet i folketrygda blir endra i mai) blir publisert på [www.mpk.no](http://www.mpk.no). Dette vil også gjerast automatisk i arbeidsgivarportalen.

#### Utrekning av premie

Arbeidstakarpremien blir rekna ut per kalendermånad. Får medlemmen løn for 15 dagar eller mindre i ein kalendermånad, skal det betalast halv premie. Får vedkommande løn for 16 dagar eller meir, blir det betalt full månadspremie.

Ordinær ferie og fritid blir rekna som pensjonsgivande fartstid. Det blir ikkje gitt fartstid for meir enn 12 månader i året for same arbeidsgivar. I tilfelle der medlemmen arbeider meir enn tilsvarende 100 % stilling, skal det likevel betalast arbeidsgivarpremie for all inntekt.

Sist endra: 12.12.2024

Ferie og fritid som blir avvikla ved sluttoppgjer, blir rekna som pensjonsgivande fartstid.

I vedtak av 15. juni 2005 fastsette styret reglar om fartstidsutrekning for ferie og fritid før 1. oktober 1975 i samsvar med lov om pensjonsordning for arbeidstakar til sjøs § 3 nr. 1 andre ledd andre punktum, jf. § 2-1 i forskrifta.

Ved utrekning av pensjonsgivande fartstid i utanriksfart før 01.10.75 blir det rekna med eit tillegg på 20 %. Tillegget er meint å dekke utbetalt feriegodtgjersle som det ikkje var plikt å betale pensjonspremie for.

Ved utrekning av fartstid i innanriksfart før 01.10.75 blir det også rekna med eit tillegg på 20 %, men avgrensa opp til maksimalt 33 dagar i tillegg til fartstida til den einskilde.

Dersom tilsetjingsforholdet berre varer i ein dag (inntil 8 timar) i ein kalendermånad, kan reiarlaget unnlate å trekke arbeidstakarpremie. Føresetnaden er at medlemmen er innforstått med dette. Arbeidsgivarpremien må bli betalt på vanleg måte.

#### Vikarar/deltidstilsette

For vikarar eller medlemmer i deltidstilling blir det rekna full premie for kvar månad dersom tenesta varer i 16 dagar eller meir. Kortare tenestegjersle gir halv månadspremie. Arbeidstakar med fleire arbeidsgivarar i same månad Dersom arbeidstakaren har fleire arbeidsgivarar i same månad, skal alle arbeidsgivarane trekke premie.

#### Endring av gruppeføring

Ved overgang frå ei stilling til ei anna som høyrer inn under den andre premiegruppa, skal det i overgangsmånaden betalast premie etter den gruppa som vedkommande var tilsett i lengst.

#### Medlemmer som tar imot pensjon frå MPK

Medlemmer som tar imot sjømannspensjon mellom 60 og 62 år, kan utan avkorting i pensjonen vikariere til sjøs med inntil 3 månader per år.

Merk at det skal betalast premie (arbeidstakar- og arbeidsgivarpremie) på vanleg måte sjølv om arbeidstakaren har pensjon frå MPK og ikkje opparbeider seg ytterlegare pensjonsgivande fartstid. Dette gjeld også medlemmer som er i lønt arbeid etter fylte 67 år.

#### Inntektsbasert ordning

Medlemmer som er omfatta av den inntektsbaserte ordninga, skal betale 1,7 % av bruttoinntekta om bord opptil maks 12 gangar grunnbeløpet. Bruttoinntekt svarer til det same grunnlaget som blir lagt til grunn ved utrekning av arbeidsgivarpremien i § 11. Det vil seie at det også skal betalast arbeidstakarpremie av feriepengar.

Sist endra: 12.12.2024

Medlemmer som arbeider på fartøy som driver fiske og fangst, skal betale 1,7 % av bruttoinntekt om bord, forskot på lott og lottoppgjer opptil maks 12 gonger grunnbeløpet. For tilsette med kombinert stilling, der bruttoinntekt om bord, forskott på lott og lottoppgjer tilknytte stillinga som mannskap er spesifisert i arbeidsavtale, skal premien til MPK bereknast av bruttoinntekt om bord, forskot på lott og lottoppgjer av denne stillinga.

Arbeidstakarpremien skal reknast ut per kalendermånad og skal ikkje utgjere meir enn 12 gonger grunnbeløpet i løpet av eit kalenderår. For medlemmer om bord på fiske og fangst som ikkje tar imot hyre eller forskot på lott kvar månad, må det likevel rapporterast ei minste inntekt kvar månad. Dette slik at medlemmen får opptent pensjonsgivande fartstid for kvar månad han/ho er tilsett om bord. Det endelege lottoppgjeret for kalenderåret kan rapporterast så fort det er klart.

Reiarlaget er ansvarleg for innbetaling av arbeidstakarpremien for medlemmer om bord, og har rett til å trekke han frå ved lønnsoppgjer, forskot på lott og lottoppgjer. Dersom arbeidsgivar ikkje gjer dette, kan ein ikkje krevje premien av medlemmen for lengre tilbake enn tre månader.

Det skal betalast arbeidstakarpremie sjølv om medlemmen er sjukemeldt. Dersom arbeidsgivar forskotterer sjukepengar etter kapittel 8 i folketrygdlova, skal arbeidstakarpremien bli trekt på vanleg måte. Dersom det er NAV som betaler ut sjukepengar etter kapittel 8 i folketrygdlova, er det NAV som er ansvarleg for innbetaling av arbeidstakarpremien.

Plikta til å betale arbeidstakarpremie gjeld til og med den månaden medlemmen fyller 70 år.

#### Viktighetene av å innrapportere månader for inntektsbaserte medlem

Sjølv om medlemmer på inntektbasert ordning opparbeider pensjon ut ifrå ei behaldning, er det viktig at de får med seg riktig antal månader.

For arbeidstakaren som kom inn i ordninga etter årsskifte 2019/2020 (inntektsbasert), er det et krav om 3 års opptening for å få rett til pensjon. Det er derfor viktig at det innrapportere på disse arbeidstakaren med inntekt alle månedene de har arbeidet, og at dette ikkje samlar opp i en større pott.

For arbeidstakaren som var med i ordninga før årsskifte 2019/2020 men er født etter 1970 (inntektsbasert med fartstid), er det også krav om 3 års opptening for å få rett til pensjon. Den totale pensjons beholdning ved pensjonsalder vil likevel avhenge av hvor mange farts måneder arbeidstakaren totalt har fra både fartstidsbasert og inntektsbasert periode. Det er derfor viktig at det innrapportere alle månedene de har arbeidet.

Er arbeidsgivar et bemanningsbyrå er det viktig at lønnen periodisitetes dersom utbetalinga for en måned er ment å dekke faktisk sjøtid og betalt fritid.

## 8. UTRKNING AV ARBEIDSGIVARPREMIE

### Fartstidsbasert ordning

Beløp som det skal reknast arbeidsgivarpremie av

Styret i Maritim pensjonskasse har i vedtak av 30. september 2009 godkjent følgande praksis om korleis arbeidsgivarpremien skal reknast ut.

Reiarlaget/arbeidsgivaren betaler eit beløp som utgjer 3,3 % av medlemmens bruttoinntekt om bord, av hyre som blir ytt før eller etter tenestetida om bord, og av sjukepengar som reiarlaget etter lov om folketrygd pliktar å betale i arbeidsgivarperioden. Feriepengar er ein del av løna, og det skal betalast premie av feriepengar når dei blir utbetalt. Arbeidsgivarpremien blir rekna av same inntektsbeløpet som blir lagt til grunn ved utrekning av arbeidsgivaravgifta til folketrygda.

Det skal likevel ikkje betalast arbeidsgivarpremie av kostpengar og reiarlagsavgifta (dvs. arbeidsgivarpremien til MPK).

### Særreglar for fiske og fangst

For medlemmer på fiske- og fangstfartøy som er omfatta av trygda, er arbeidsgivarpremien 150 % av premien til medlemmen. Inntekt skal derfor ikkje oppgjavast for fartøy som i heile terminen har drive fiske/fangst.

### Minste arbeidsgivarpremie for reiar, partreiar og restauratør

Reiar, partreiar, restauratør og andre sjølvstendig næringsdrivande som gjer teneste i trygdepliktig stilling om bord, skal svare arbeidsgivarpremie med eit beløp som utgjer 3,3 % av bruttoinntekta om bord. Premien skal likevel ikkje være mindre enn 150 % av arbeidstakarpremien.

### Tilsette i opplæringsstilling

Arbeidsgivarpremie og arbeidstakarpremie skal svarast på vanleg måte av den hyra som reiarlaget betaler ut til medlemmen sjølv, dersom heile eller delar av hyra blir refundert gjennom arbeidsmarknadstiltak.

### Inntektsbasert ordning

Reiarlaget/arbeidsgivar betaler eit beløp som utgjer 3,3 % av bruttoinntekta medlemmen har om bord, av hyre som blir ytt før eller etter tenestetida om bord, og av sjukepengar som reiarlaget etter lov om folketrygd pliktar å betale i arbeidsgivarperioden. Arbeidsgivarpremien blir rekna av same inntektsbeløpet som blir lagt til grunn ved utrekning av arbeidsgivaravgifta til folketrygda. Det skal likevel ikkje betalast arbeidsgivarpremie av kostpengar og reiarlagsavgifta (dvs. arbeidsgivarpremien til MPK).

Arbeidsgivarpremien for medlemmer som arbeider på fartøy som driv fiske og fangst, utgjer 3,3 % av bruttoinntekta om bord, forskot på lott og lottoppgjer. Bruttoinntekt om bord svarer i praksis til skattepliktig inntekt som arbeidsgivar er pliktig til å innrapportere i a-meldinga. Premien reknast per kalendermånad. For tilsette med kombinert stilling, kor bruttoinntekt om bord, forskot på lott og

Sist endra: 12.12.2024

lottoppgjer tilknytte stillinga som mannskap er spesifisert i arbeidsavtale, skal premien til MPK reknast av bruttoinntekt om bord, forskot på lott og lottoppgjer av denne stillinga.

Plikten til å betale arbeidsgivarpremie gjeld til og med den månaden medlemmen fyller 70 år.

## 9. PREMIE FOR MEDLEMMER SOM TEK IMOT SJUKEPENGAR

### Generelt for både fartstidsbasert og inntektsbasert ordning

Medlemmer er del av pensjonsordninga også i den tida dei får sjukepengar for sjukdom som har inntreff i tenesta.

Det same gjeld omsorgspengar, pleiepengar, opplæringspengar, svangerskapspengar og foreldrepengar i inntil 52 veker når tilfellet oppstår i pensjonsgivande teneste (jf. kapittel 8, 9 og 14 i folketrygdlova).

Derimot er ikkje medlemmen omfatta av ordninga i tidsrom når vedkommande tar imot arbeidsavklaringspengar (AAP) eller dagpengar under arbeidsløyse.

Premiesatsane blir endra når grunnbeløpet i folketrygda blir endra kvart år (1. mai). Endringar i premiesatsar og annan informasjon finst på nettsidene våre. Sjå [www.mpk.no](http://www.mpk.no).

### Når arbeidsgivar forskotterer sjukepengar

Dersom arbeidsgivarar forskotterer løn i sjukdomsperiodar, skal arbeidstakarpremie for sjukepengetid mv. trekast på same måte som når medlemmen har løn eller hyre.

Arbeidsgivar trekker arbeidstakarpremie og betaler inn premien saman med arbeidsgivarpremien på vanleg måte når sjukepengar blir betalt ut i arbeidsgivarperioden (16 dagar).

Arbeidsgivar rapporterer inn sjukedagar utover arbeidsgivarperioden (16 dagar) i eiga kolonne i premieoppgåva i Arbeidsgivarportalen for tilsette som er på fartstidsbasert ordning.

Reiarlaget skal rapportere inn full inntekt og refusjon frå NAV (6 G) i eiga kolonne i premieoppgåva i Arbeidsgivarportalen for tilsette på begge ordningane. Refusjonen blir trekt automatisk frå inntekt i premieoppgåva.

### Når arbeidsgivar ikkje forskotterer sjukepengar

#### Fartstidsbasert ordning

Arbeidsgivar som ikkje forskotterer løn i sjukdomsperiodar, er ansvarleg for at det blir trekt arbeidstakarpremie og arbeidsgivarpremie i arbeidsgivarperioden (dei første 16 dagane). Det gjeld også for tilsette på fiskebåtar, som er oppført på blad B og har rett til sjukepengar frå NAV frå første dag.

NAV-kontoret er ansvarleg for at det blir trekt arbeidstakarpremie etter at arbeidsgivarperioden er over. Arbeidsgivar har likevel ansvaret for å informere NAV, ved å fylle ut blankett NAV 08-30.02. Meir informasjon finn du på NAV sine nettsider.

Sist endra: 12.12.2024

Dersom reiarlaget betaler ut løn/hyre som kjem i tillegg til sjukepengane/omsorgspengane, skal det bli trekt arbeidsgivarpremie av hele hyra i arbeidsgivarperioden og etter dette berre av inntekt som overstig 6 G.

NAV-kontoret skal berre trekke arbeidstakarpremie, ikkje arbeidsgivarpremie: Arbeidstakarpremie av ytingar som blir utbetalt av NAV-kontoret, blir trekt etter dagsatsar som utgjer 12/260 av månadleg premie, dvs. at dagsatsen for overordna er 0,054 % og for underordna 0,042 % av grunnbeløpet i folketrygda.

### Inntektsbasert ordning

Arbeidsgivar er ansvarleg for at det blir trekt arbeidstakarpremie og arbeidsgivarpremie i arbeidsgivarperioden (dei første 16 dagane). NAV har deretter ansvaret for å trekke 1,7 % av sjukepengane i den perioden vedkommande tar imot sjukepengar frå folketrygda. Dersom arbeidsgivar betaler ut løn over 6 G i sjukepengeperioden, skal arbeidsgivar berre rapportere inntekt over 6 G.

Det einkilde NAV-kontoret har eit sjølvstendig ansvar for at riktig beløp blir trekt og innbetalt, og kan vanlegvis ikkje berre basere seg på opplysningar frå reiarlaget. Men arbeidsgivar har ansvar for å gi beskjed til NAV om trekk frå medlemmen sine sjukepengar til MPK, på same måte som beskrive ovanfor (blankett til NAV).

### Kva skjer med arbeidstakaren som mottek sjukepengar frå NAV?

Når arbeidsgivar gir beskjed til NAV om at det skal trekke arbeidstakarpremie, får arbeidstakaren utbetalt sjukepengar frå NAV kor det trekke eit beløp. Dette beløpet blir betalt inn til MPK.

Om arbeidsgivar ikkje gir beskjed til NAV, vil det ikkje bli innbetalt premie til oss. Når dette blir oppdage, er ofte arbeidstakaren ferdig med å motteke sjukepengar. NAV har da ikkje nokre pengar å trekke premie i, og arbeidstakaren mister oppteninga i denne perioden. Dette blir ofte eit problem seinare mellom arbeidstakar og arbeidsgivar.

## 10. INNSENDING AV PREMIEOPPGÅVE OG OPPGJER FRÅ REIARLAGA

### Plikta til å sende oppgåver

Arbeidsgivar skal sende inn premieoppgåve til Maritim pensjonskasse for alle skip og borefartøy som går inn under ordninga, sjå punkt 2 i dette rundskrivet. Opplysningane i oppgåva vil i sin tur gi grunnlag for utrekning av pensjonen til medlemmen. Premieoppgåve må normalt sendast inn sjølv om skipet/fartøyet ligg ved verkstad eller i opplag, og sjølv om det ikkje har arbeidstakarar om bord som er omfatta av ordninga. Det kan i einkilde tilfelle bli gitt tidsavgrensa unntak for innsending av premieoppgåve for skip utan medlemspliktige arbeidstakarar om bord.

Premieoppgåva skal leverast elektronisk i arbeidsgivarportalen.

Sist endra: 12.12.2024

### Terminar og forfallsfristar

Reiarlaga/arbeidsgivar skal levere premieoppgåve for alle sine tilsette som er medlemmer i Maritim pensjonskasse i 2-månadlege terminar.

Innlevering av premieoppgåver for medlemmene i ordninga skjer seks gonger i året etter følgende datoar:

1. termin (januar og februar) forfell 20. mars.
2. termin (mars og april) forfell 20. mai.
3. termin (mai og juni) forfell 20. juli.
4. termin (juli og august) forfell 20. september.
5. termin (september og oktober) forfell 20. november.
6. termin (november og desember) forfell 20. januar.

Forseinkingsrenter, jf. pkt. 1.2, blir rekna ut med utgangspunkt i desse forfallsdatoane.